



SANDE KOMMUNE
Oppvekst- og kulturetaten

SÆRUTSKRIFT

Samla saksframstilling

Utval			Saksnummer	Møtedato
Oppvekst- og kulturutvalet			0026/05	31.10.2005
Løpenr.	Arkivsaksnr.	Arkivnr.	Saksbehandler:	
004147/05	05/00814	110//	Elin Muren Rokstad	

HØRING - FORSLAG TIL REVIDERT RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

OPK-utvalet i Sande Kommune meiner at departementet må syte for at det blir sett av tilstrekkeleg med øyremarka midlar til at personalet i barnehagane kan få kompetanse om den nye rammeplanen.

Det er positivt at barns medverkning har fått større plass i planen, både i forhold til vurdering og planlegging.

Det er og positivt at måla er tydelegare, og set klarare krav til personalet.


Det bør vere klare krav om at barnehagens uteområde må stette krav fysisk utfoldelse og allsidig bevegelsesutfordringar for alle aldersgrupper.

VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke med fylgjande tillegg:

- Eventuelle høyringsuttalar frå dei ulike SU skal refererast i opk-utvalet.

SERVICEKONTORET, 6084 Larsnes, 2. november 2005


Marit Furnes Kobbervik

Særutskrift:

Barnehagane ved Samarbeidsutvala

Utdanningsforbundet Sande Kommune

VEDLEGG:

Forslag til ny rammeplan.
Høyringsbrevet

SAKSOPPLYSNINGER:

Ny barnehagelov trer i kraft 1.januar 2006. Det er i samband med denne utarbeidd forslag til ny revidert rammeplan for barnehagen, som skal gjelde frå same dato. Høyringsutkastet byggjer på den gjeldande rammeplanen og på forslag frå ei arbeidsgruppe. Rammeplanen er ei forskrift til barnehagelova og skal gi retninglinjer for barnehagens innhald og oppgåver(sjå vedlegg høyringsbrev og dokumentet).

Det er sett fram forslag om at det skal settast av 40 mill kr til å auke kunnskapane om rammeplanen for dei tilsette i barnehagane i Norge. Dette vil utgjere i gjennomsnitt kr 6000 pr barnehage.

VURDERING:

Ein vurderer det som nødvendig at det blir sett av tilstrekkeleg med midlar til kompetanseutvikling på den nye rammeplanen, dersom ein skal ha sjanse for at måla med planen skal kunne settast ut i livet.

Det er i realiteten slik at det blant personalet i barnehagane i utgangspunktet er ulik kunnskap om kva den noverande rammeplanen inneber, då det i si tid ikkje følgde midlar med til innføring av denne.

Planen er eit mindre dokument enn tidlegare utgåve, noko som gjer styringsdokumentet meir oversiktleg enn den tidlegare rammeplanen.

Det er positivt at forslaget kjem med tydelegare krav til personalet enn det som kom fram i den noverande planen, og gjer klart på kva måte peronalet må arbeide for å nå dei ulike måla. Dette er med å bevisstgjere alle dei tilsette, og er med å klargjere kva oppgåver og ansvar alle tilsette i barnehagen har.

Det er difor nødvendig at personalet får kunnskap om kva planen inneheld, og får høve til å drøfte korleis ein kan konkretisere dette arbeidet.

I våre små kommunale barnehagar er det ikkje rom for å ha drøftingsarenaer i den vanlege kvardag, så her må ei ekstra tilrettelegging til, skal ein få til dette.

Vurdering er eit punkt som har fått større vekt i den nye rammeplanen. Det blir sett krav til at ein i årsplan no skildrar korleis ein vil gjennomføre vurderingsarbeidet. Barns erfaring og synspunkt skal også kome med i dette vurderingsarbeidet.

På dette punktet er det behov for auka kompetanse skal ein kunne gjennomføre planen etter intensjonane. Å arbeide med vurdering utfrå barns perspektiv, har ein tidlegare ikkje hatt gode nok reiskapar/ kunnskapar til å gjennomføre.

Det er positivt at dette no kjem med.

Barns medverknad har fått eit eige kapittel, der det klart går fram at barns rett til ytringsfridom skal ivaretakast. Dette er positivt, men utfordrande, og er ei klar utfordring til personalgruppa som må bevisstgjerast på dette området.

Fysisk miljø. Punktet om krav til at det fysiske miljø skal fremme barns utvikling på alle utviklingstrinn, gjev rom for at ein kan bruke nærmiljøet til barnehagen, der barnehagen ikkje stettar dei krav til areal og aktivitetsmuligheiter som barn bør få.

Det er ofte slik at små barnehagar med små personalgrupper ikkje har høve til å gjere seg nytte av slike nærmiljø, då ein ofte har svært ulike behov å ta omsyn til og personalressursen ikkje alltid kan delast. Det burde difor vere klare krav til at barnehagens uteområde burde ha tilfredsstillande areal for fysisk utfoldelse og allsidig bevegelsesutfordringar innanfor egne grenser.

Barnehagens føremålsbestemmelse står uendra slik som før, og skal bygge på kristne grunnverdiar. Barnehagen skal lære barn om tru og verdiar, opplæring i tru er heimen sitt ansvar.

Dette er ei klar presisering om korleis barnehagen skal opptre.

Rammeplanen seier lite om PPT tenesta sitt arbeid inn mot barnehagen som system, altså korleis ein kan rettleie barnehagen som system på forebyggande arbeid . Dette har fått for lite plass i rammeplanen.

Generelt kan ein seie at det enkelte barns rettar har fått god plass. I tillegg er det er brukt omgrep som ferdigheiter der ein før snakka om kompetanse. Går ein inn i desse omgrepa ser ein at det då blir lagt meir vekt på å innøve handlingar som blir automatiserte, enn å kunne ha kunnskapar om måtar å gjere ting på.

Omgrep som sosial kompetanse er erstatta med å utvikle evner og ferdigheiter.

KONKLUSJON:

OPK-utvalet i Sande Kommune meiner at departementet må syte for at det blir sett av tilstrekkeleg med øymerka midlar til at personalet i barnehagane kan få kompetanse om den nye rammeplanen.

Det er positivt at barns medverkning har fått større plass i planen, både i forhold til vurdering og planlegging.

Det er og positivt at måla er tydelegare, og set klarare krav til personalet.

Det bør vere klare krav om at barnehagens uteområde må stette krav fysisk utfoldelse og allsidig bevegelsesutfordringar for alle aldersgrupper.